

# Innspel til SV frå Analysegruppa

## 1 Medlemmar og mandat

Sentralstyret oppnemnte desse i analysegruppa: Stein Ørnhøi (Aust-Agder), Steinar Nørstebø (Hordaland), Line Gaare Paulsen (Oslo, Stortingssekretariatet), Ola Elvevold (Oslo), Sanja Pasovic (Telemark), Pål Julius Skogholt (Troms), Andreas Halse (Akershus, SU) og Vibeke Johnsen (Sogn og Fjordane).

- Gruppas hovedoppgave skal være å analysere SVs valgresultat ved Stortingsvalget 2013. Gruppa skal både presentere en analyse basert på tilgjengelig statistikk og velgerundersøkelser og gjøre egne vurderinger av årsaker til valgresultatet. Analysen som presenteres skal være kortfattet og på maksimum 5 sider.
- Analysen og hovedutfordringen vil sammen med innspill fra partiorganisasjonen danne grunnlag for arbeidet med arbeids- og organisasjonsplanen.
- Gruppa må levere sine innspill senest 20. desember 2013.

Informasjon om arbeidsform og tilgang på informasjon og kjelder finn de i vedlegg 1.

## 2 Innleiing

Historisk sett er medlemsmassen stor, og vi har aldri hatt så mange tilsette. Vi har delteke i regjering og hatt ansvar for departementa på dei to viktigaste politikkområda for veljarane våre i åtte år. SU opplevde ein skulevalkamp i motbakke, og SV fekk 5,1% Det er over valresultatet til SV, men eit dårleg skulevalresultat for oss. SV fekk 4,1% og 116 000 røyster 9. september 2013. Det er det dårlegaste valresultatet nokon gong, oppslutnad og fall sett under eitt, og vi har mista kvar 3. veljar sidan 2009. Lyspunktet er at vi kjempa oss over sperregrensa, og fekk ei stortingsgruppe i staden for ein stortingsrepresentant. Kraftmobiliseringa i slutfasen av valkampen sikra oss veljarar i 2013, og vi veit ikkje om dei vil bli verande hjå SV framover. Ein del røysta nok SV med mål om å sikre eit SV over sperregrensa i von om ei tredje raudgrøn regjering.

Valet var dramatisk for SV, og heile partiet må forstå den alvorlege situasjonen partiet er i. Analysegruppa meiner at valresultatet ikkje først og fremst skuldast planlegginga eller gjennomføringa av sjølve stortingsvalkampen i 2013. Heller ikkje leiarskiftet i 2012 kan tilleggast særleg vekt. Audun Lysbakken skåra lågare enn andre partileiarar på målingar av veljaranes tillit, likevel fekk han frå ulike hald ros for gjennomføringa av valkampen. I heimfylket til partileiaren sto Hordaland SV for det relativt sterkaste resultatet av alle fylkeslag uansett parti ved stortingsvalet. Sjølv om valresultatet i 2013 var særleg dramatisk, har nedgangen til SV i val vart over tid. Årsakene til resultatet i 2013 stikk difor djupare enn feil og manglar ved denne valkampen.

Det er ei gradvis utvikling som har leia hit. Ansvar for situasjonen ligg på alle nivå i partiet, lokalt, på fylkesnivå og sentralt. Analysegruppa vil særleg trekke fram følgjande to årsakar til valresultatet.

**For lite politikkutvikling.** SV gjekk inn i regjering med mange, konkrete politiske framlegg vi hadde utvikla over tid, og som var godt forankra i partiet. Særleg i andre periode evna vi ikkje i stor nok grad å utvikle nye, konkrete politiske framlegg. Dette trass i ein arbeidsprogramprosess som involverte store deler av partiet, og organisasjonar og miljø utanfor SV. For mykje av energien i SV vart nytta til å handtere dei debattane som dukka opp kvar einskild dag, og for lite av dei samla ressursane i partiet vart sett inn for å utvikle politikk for morgondagen. Resultatet var at vi mangla nok konkrete og tydelege nye politiske framlegg å presentere for veljarane ved valet i 2013.

I tillegg mangla vi eit tydeleg SV-prosjekt som skilde oss nok frå Arbeidarpartiet. Kompromiss og forhandlingar var naudsynte for å vinne einskildsaker i regjeringa, og for retninga i det raudgrøne regjeringsprosjektet. Veljarane opplevde ikkje at det partileiinga såg som gode og hardt tilkjempa kompromiss var sigrar i regjering, og sakna ein tydeleg SV-politikk. For mange av kompromissa vart kommunisert som sigrar i staden for «det beste vi kunne få til», og partiet viste ikkje i stor nok grad eigne primærstandpunkt. Vi fekk ikkje godt nok fram kva som var SVs prosjekt for Noreg og kvifor eit sterkt SV var viktig for det raudgrøne samarbeidet. SV fekk ikkje løft i val av regjeringsdeltakinga.

**For svak organisasjon og for svak samhandling.** SV har ein for svak organisasjon, noko mellom anna oversynet over lister og representantar i kommunestyre viser (sjå vedlegg 2). Det har ikkje vore sterk nok kopling mellom det parlamentariske og det utanomparlamentariske arbeidet i SV på alle nivå, inkludert samarbeidet med og det å vere ein del av folkelege organisasjonar og rørsler.

Den første tida som regjeringsparti var mykje av den offentlege omtalen av SV prega av konflikt, uro og eit parti som ikkje spela godt nok på lag. Samspelet i SV vart betre ut over regjeringsperioden, men inntrykket som vart skapt tidleg beit seg fast. Partiorganisasjonen vart ikkje nok involvert i politikktutviklinga og i dei strategiske diskusjonane, avstanden mellom regjeringsapparatet og fylkes- og lokallaga vart for stor. Den disiplineringa av partiet som skjedde i første del av regjeringsdeltakinga, førte nok og til at lokallag og fylkeslag i for liten grad løfta fram nye saker og utfordra regjeringa sin politikk seinare i regjeringsperioden. Fleire har og opplevd at det har vore få arena for debatt i partiet der slike ting kunne drøftast.

Den radikale SV-røysta i offentlegheita stilna eit stykke på veg, og det svekka partiet og venstresida. Vi veit likevel ikkje kva det har å seie for veljartal. Historisk sett har SV på mange måtar vore tenketanken på venstresida, og denne oppgåva må gå hand i hand med utviklinga av praktisk politikk. Det er ikkje mange nok som opplever at SV har dei gode, konkrete løysingane på problem dei opplever i eigen kvardag. Det betyr at SV må jobbe meir systematisk for å auke truverde på fleire politikkområde, slik at langt fleire veljarar får tru på at politikken vår er mogleg å gjennomføre i praksis.

### **3 Valresultatet 2013 og langsiktige tendensar**

Valresultatet viser tilbakegang for SV i alle nitten fylka, og prosentvis framgang berre i 14 av dei 428 kommunane. I 18 kommunar fekk vi fleire røyster enn i 2009, ti av desse kommunane ligg i Hordaland, og Bergen er ein av dei. Vi har 4% eller meir i seks av fylka og 114 av kommunane. (Sjå vedlegg 2.) 42 av dei 52 største byane er blå. Dei beste kommunane til SV er i tillegg til gode resultat i Tromsø og Bergen, småkommunar i Finnmark og Nord-Østerdalen. SV gjer det dårleg i bykommunane (som veks), tapar i distrikta og det er avgjerande for resultatet at vi går attende i dei store bykommunane.

Den klart største veljarutvekslinga for SV er mellom Ap og SV, det nye i år er høvesvis stor overgang frå SV til MDG. Veljarundersøkinga i 2012 stadfesta det som har vore situasjonen under begge dei raudgrøne regjeringane: Våre veljarar alltid vore mest nøgde med den raudgrøne regjeringa. Dei som røystar MDG har i stort same demografiske og geografiske trekk som SV, skilnaden er at MDG-veljarane er gjennomgåande skeptiske til samfunnsutviklinga. SV-strategien var å ikkje snakke ned andre miljøparti. Katastrofale målingar midt i valkampen hadde ein mobiliserande effekt på partiorganisasjonen, dette hjalp oss over sperregrensa. Mange valkrinsar viser at røyster tapt for SV svarar til framgang for MDG, td i Sogn og Fjordane.

Vidare viser veljarundersøkinga i 2012 at dei som ikkje lenger ville røyste SV, gav opp *Lite gjennomslag i regjering* som årsak. Det er ei oppfatning som rammer oss i dette valet.

Det er viktig å slå fast at over tid speglar valresultata til SV valresultata til Ap, med framgang til SV når AP går attende og motsett. Valforskinga finn og at SV og AP i større grad enn høgrepertia alltid er i direkte veljarkonkurransse. Etter eit åtteårig regjeringssamarbeid ser mange i dei store veljargruppene mellom SV og Ap marginale skilnader på dei to partia i praktisk politikk. Analysegruppa meiner dette er eit av spørsmåla Arbeids- og organisasjonsplanen må svare på.

Den tunge historiske trenden dei siste 50 åra er at Ap fell i oppslutnad, og at røystene for SV/SF og AP har falt frå eit nivå på om lag 50 % til eit nivå i 2013 på om lag 35 %. Den langsiktige tendensen er klar sjølv om einskilde valår avviker, til dømes hadde dei to partia 41% av røystene i 2009. Medan høgresida har to parti som kan ta veljarar frå venstresida, er det berre Ap som flytter veljarar frå høgre- til venstresida i norsk politikk. Det er ei utfordring SV må løyse om vi skal vere med på å endre styreforholdet mellom blokkene.

Desse funna utfordrar i høg grad den strategiske prioriteringa av saksområde, veljargruppe og samarbeidsform med Ap etter det historisk dårlige 2013-valet.

Med unnatak av tre val med ein spesiell bakgrunn; 1973 (EF- saka), 1989 (miljøval etter Tsjernobyl og klimaalarm) og 2001 (sterk reaksjon i fagrørsla mot marknadsorienteringa i Ap) har aldri SV hatt meir enn 10% oppslutnad. Det "normale" nivået har vore 6-7 %. Tida frå valet i 1997 fram mot Stortingsvalet i 2005 var den lengst samanhengande vekstperioden i partihistoria. Den perioden fell saman med ein langvarig tilbakegang for Ap, men også ein periode prega av mobilisering mot krig, marknadliberalisme, og politisk gjennomslag for ein stor SV-driven velferdsreform. Framgangen kom også i periodar med skarp diskusjon rundt ei rekke spørsmål internt i SV. Perioden var prega av eit sterkt SV som sette premiss samstundes som partiet førebudde alle ledda i partia på regjeringsdeltaking.

SV ville i regjering med stor styrke, kom i regjering med mindre styrke, vart attvalt med liten styrke og gjekk ut av regjering historisk svekka. Ein historisk sterk posisjon frå 2001 fram mot valet i 2005 la grunnen for viktige politiske gjennomslag i ei radikal regjeringsplattform. Eit svekka SV gjennom vala i 2007 – 2011, og så ein periode med svakare mobilisering i viktige politiske rørsler vi har jobba mest i, førte til at det ikkje var tilstrekkeleg kraft til å reise nye radikale reformer. Viktig unnatak i siste periode var gode resultat i nokre EØS-saker på arbeidslivsområdet, der vi spelte saman med sterk mobilisering i fagrørsla, eit løft for barnevernsbarna og SV samarbeidde tett med miljørørsla gjennom heile regjeringssperioden, og kjempa gjennom eit oljefritt LoVeSe.

Eit sentralt problem vart tap av politisk truverde, og det har SV mista i nokre kjernesaker hjå einskilde grupper. Den norske deltakinga i Afghanistan, for lite gjennomslag i fattigdomsaka og for lite gjennomslag for asylbarna er område som ofte nemnast. Vi har og døme på at manglande gjennomslag i regjering kombinert med tydeleg markering av våre standpunkt, td asylbarn, har vist veljarane skilnaden mellom Ap og SV, noko analysegruppa trur har vore viktig for å unngå ytterlegare veljarlekkasjar. Det er uråd å seie kor stort det direkte veljartapet er av desse sakene, men det kan hende den største effekten har vore at partimedlemmer og nære sympatisørar ikkje lenger har vore aktive støttespelarar for SV i nærmiljø, organisasjonar og valdebattar.

Det er heva over tvil at SV har hatt stor innverknad på samfunnsutviklinga i dei åtte regjeringsåra. Ein tredveårstrend med akselerande marknadliberalisering av offentleg sektor er bremsa,

arbeidslivslovgivinga er styrka meir enn sidan 70-talet, naturvernlovgivinga har fått eit løft, vi har hatt ei storstilt utbygging av barnehagar og Noreg har ført ein mindre USA-lojal utanrikspolitikken enn etter krigen, med unnatak av jagarflysaka. Finanskrisa vart møtt med klassisk motkonjunkturpolitikk, med ein finansminister frå SV.

Likevel har regjeringsdeltakinga i aukande grad vore prega av dei små, men likevel viktige sigrane. Våre største politiske sigre td ingen utstasjonering av atomvåpen, folkerøystingane om EU, barnehagereforma og oljefritt LoVeSe er vunne med kombinasjonen av folkeleg mobilisering og parlamentarisk arbeid utanfor og i regjering. SV må finne svara på korleis partiet kan søkje makt også gjennom regjeringsdeltaking utan å miste truverde og folkeleg støtte.

#### **4 Valkamp 2013 – mediestrategien**

Audun Lysbakken starta medievalkampen allereie i juli. Dette ga SV eit fortrinn og partiet var godt synlege i riksmidia gjennom valkampen. 2013 var ein sterkt mediedrevet valkamp med NRK og TV2 i spissen når vi ser på kva tema som vart valt og kven som fekk delta i tv-debattane. SV var godt representert i tv-debattar og Lysbakken var god i debattane. SV var synlege, men det handla i stor grad om SV ville kome over sperregrensa, og ikkje i tilstrekkeleg grad om den politiske budskapen vår. Vi gjennomførte mange gode aktivitetar gjennom valkampen, og hadde i stor grad eit godt samarbeid mellom dei ulike delane av partiet.

##### Lokale media

Målet med SV-bussen med sentrale politikarar og førstekandidatane var lokale medieoppslag og auka lokal aktivitet. Det klarte vi. Laga melder at utspelspakkane, utarbeidd sentralt, ofte med lokale justeringar, var gode. Det var relativt enkelt å kome på i lokale media, men meir krevjande i litt større /regionale media. Enkelte media tok ikkje inn politiske innsal i valkampen. Vi utnytta vår og sommar i nokon grad, det er eit strategisk trekk vi kan utnytte mykje meir i seinare val. Satsing på lokal- og regional media bør framleis ha høg prioritet.

Mange fylkeslag har gjeve positiv tilbakemelding på kampanjeveke i oktober 2012 og april 2013, og tidleg valkampstart (den lange valkampen). Regionale skuleringssamlingar vart arrangert i april, fleire kandidatsamlingar i første halvår og samling for heile partiet i Arendal i august. Det er eit føremon om val av førstekandidat skjer i løpet av hausten året før valet. God mediehandtering krev både trening og praksis, og må lærast over tid. Det same gjeld for å byggje relasjonar til journalistar.

##### Politisk budskap

Innhaldet i nokre av kjernesakene til SV var klart på eit tidleg tidspunkt, til dømes arbeidet for eit oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja. Vi klarte ikkje i like stor grad å nå fram med tydelege budskap på alle våre hovudsaker. Budskapen i mange saker var uklart for medlemmar og veljarar. Mange SV-arrarar på stand kunne difor ikkje alltid gje klare svar på spørsmåla frå folk. Dei lokale kandidatane seier dei fekk god hjelp frå svartenesta/podio til debattførebuingar med meir. Dei tre siste vekene, då SV mobiliserte for å kome over sperregrensa, hadde partiet ein meir samla budskap. Ein kort og tydeleg budskap for visjonen og kjernesakene til SV bør utarbeidast og forankrast i partiet i god tid før neste val.

## Sosiale media

Å vere aktive i sosiale media var ein viktig strategi valkampen for å ha direkte kontakt med veljarane. Vi produserte infografikk og bilde frå tv-debattar. Sosial media erstattar ikkje tradisjonelle media, men spreier same budskap i fleire kanalar, noko vi er avhengig av for at budskapen vår skal bli godt kjent. Framover bør vi ha eit sosiale media-nettverk over heile landet som hjelper til med å spreie våre hovudbudskap.

## Del Godene

SV relanserte eiga partiavis *Del Godene* på papir og nett i samband med valet, fordi vi ville skape eigne kanalar for å nå ut til våre sympatisørar. Mange fylkeslag seier Del Godene vart godt motteke og ga våre folk på stand godt utgangspunkt for å snakke med potensielle veljarar. Målet var at sympatisørar skulle gje oss sin kontaktinformasjon og akseptere at dei vart kontakta av oss i etterkant. Denne delen av arbeidet viste seg mykje meir tidkrevjande enn vi tok høgde for, og skjedde og for tett opp i valet. Arbeidet med å halde kontakt med sympatisørar via Del Godene bør vidareførast og styrkast. Her kan vi nå potensielle aktivistar.

## Nyheitsbrev

Nyheitsbrev var forma som e-post frå ein sentral SV-politikar. Dette arbeidet kan vidareførast med korte og personlege tekstar også utanom om valperiodar for å skulere, spreie budskap, skaffe aktivistar, samle inn pengar med meir.

## 5 Kven røyster SV?

Dei tala vi har til no viser at desse gruppene røyster SV (tal for landet i parentes): 62 prosent er kvinner, 84 prosent har høgare utdanning (rett under 30%), 59 prosent jobbar i offentleg sektor (35%), 57 prosent jobbar heiltid (59% av kvinnene og 87% av mennene) og 44 prosent er under 40 år (40% av folkesetnaden er mellom 16 og 44 år). Vi ser og ei ganske tydeleg geografisk fordeling av røystene. Dei gruppene som røyster på oss no er for få til at vi kunne kalle oss ei sosialistisk folkeparti. Vi må over tid utvide gruppa som ser på SV som eit naturleg alternativ. Det blir viktig for SV å klare å halde oppslutninga hjå andre- og tredjegongsveljarane. Folkeveksten er størst i dei største byane, vi må difor jobbe hardt for å auke oppslutninga i Oslo og Akershus, og i dei andre store byane i landet.

Det er ei grunnleggande erkjenning at vi må jobbe systematisk for å breie ut veljargrunnlaget for å inkludere større delar av folket i prosjektet vårt, samstundes må vi og erkjenne at på kort sikt må vi først og fremst konsolidere stillinga mellom kjerneveljarane våre.

I regjering har SV prioritert å ha høgt truverd på miljø og utdanning. Vi har i stor grad lukkast med denne strategien då partiet har hatt høg tillit i miljøspørsmål, og langt høgare tillit enn oppslutnaden i val på utdanningsfeltet. Høg tillit på viktige felt for veljarane gjev ikkje automatisk tilsvarande oppslutnad i val. Mange veljarar vel parti på bakgrunn av heilskapsinntrykket meir enn ein eller to saker. Det betyr at SV må jobbe meir systematisk for å auke truverde i fleire saker. Samstundes er det avgjerande for SV å attreise truverde på partiet sine historiske merkesaker. SV må ha som mål at vi skal vere partiet for det arbeidande fleirtalet av det norske folket, og sikre solidariteten mellom folk i jobb og dei som av ulike årsaker er utanfor arbeidslivet. Alle som ønskjer eit anstendig arbeidsliv, eit godt offentleg velferds- og kunnskapssystem, reelle tiltak for ein framtidretta miljø- og klimapolitikk, framtidretta næringsliv, betre fordeling, meir demokrati og ein solidarisk utanrikspolitikk er våre naturlege allierte.

## 6 **Kvifor gjekk det slik?**

Analysegruppa peiker på to årsaker til valnederlaget tidlegare i rapporten. Det er for lite politikktutvikling og for svak organisasjon og samhandling.

Det vi tapte gjennom åtte år i regjeringa var evna til å sette ein dagsorden til venstre for Arbeidarpartiet i norsk politikk. Ingen andre har heller klart dette, difor har det politiske rommet vorte innsnevra desse åtte åra. Det har gjort det vanskelegare å få gjennomslag for politikken vår. Hovudkonflikten i norsk og europeisk politikk gjeld tilhøvet til EU, EØS og Schengen-avtala. Utviklinga har gitt partiet rett i denne saka, men viktig og god motstand i saker om einskilddirektiv har i for liten grad vorte sett inn i ein større politisk samanheng .

Analysegruppa meiner at det er strategiske val gjennom lang tid som har ført partiet dit vi er i dag, og det er berre SV sjølv som sit med nøkkelen til å reise til SV i folket. Rekordmange veljarar har valt bort SV dei siste vala, det er alvorleg for partiet. Situasjon til partiet gjer det naudsynt å halde fram den politisk nyorienteringa av SV-prosjektet, -strategien og -profilen. Situasjonen i verda krev djerve visjonar kopla med gode, konkrete løysingar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette arbeidet gler vi oss til å vere med på.

### **Dissens:**

«**SV mangla breidde.** Over tid har dei strategiske vala SV har teke gjort partiet for smalt, og SV har hatt for lite truverde mellom veljarane på ei rekkje viktige politikkområde. (Plassert som tredje årsak til valresultatet, nytt avsnitt nederst i pkt 2 på side 2.) «

### **Grunngjeving:**

Gruppemedlemmene Halse, Pasovic og Elvevold mener at punktet over hører hjemme som en del av forklaringen på valnederlaget. Over tid har SV prioritert å profilere seg på noen få kjernesaker. Det har ført til at SV mangler troverdighet på saksområder som er viktige for mange velgere og at SV har få flater å konkurrere på. Ved å bevisst prioritere få saker i lang tid begrenser man andelen potensielle velgere for partiet. Dessuten vet vi at de aller fleste velgere ikke stemmer på bakgrunn av kun en eller to saker, men på et helhetsinntrykket av politikken. Det gjør at SV heller ikke utnytter potensialet blant de velgerne som er mest enige i SVs kjernesaker."

## **Vedlegg 1      Arbeidsform og tilgang på informasjon og kjelder**

### **Arbeidsform**

Grappa har hatt seks møte (16.-17. november - alle møtte i Oslo, 7. desember - Skogholt med på video, resten møtte i Oslo, 10. desember – telefonmøte, 16. desember – Skogholt og Nørstebø på video, Ørnhøi forfall, resten møtte i Oslo, 2. januar – telefonmøte (Ørnhøi forfall) og 4. januar-telefonmøte). Grappa har i tillegg fordelt analyse- og skriveoppgåver, og har kommunisert pr e-post.

### **Tilgang på informasjon og kjelder**

Grappa har hatt avgrensa tid til arbeidet, og har i liten grad henta inn informasjon og synspunkt sjølv. Grappa vurderte fokusgruppe, intervju med einskildpersonar og kjøp av analysetenester. Dette vart vurdert som lite aktuelt, primært grunna tid og økonomi.

Grappa har hatt tilgang til tilbakemeldingane frå lokal- og fylkeslag om valkampen. Dette vart presentert på landsstyremøtet 14.-15. november, der tre av medlemma (Halse, Nørstebø og Johnsen) var til stades, og ein i grappa (Nørstebø) har i tillegg gått gjennom alle innspela i ettertid. Sju fylkeslag er representerte i arbeidsgruppa og medlemma har med eit unnatak (Ørnhøi) vore med på valkampevaluering i eige fylkeslag. Eit medlem (Pasovic) har spurt alle medlemmane i Tinn SV og Etnisk likestillingsutval om innspel.

Resultata frå valdagsmålinga vert publisert våren 2014, og boka kjem hausten 2014. Grappa har ikkje hatt tilgang til førebels resultat frå valdagsmålinga. Grappa har utarbeidd ei tidslinje (vedlegg 3) frå 1999-2013 med oversyn over viktige einskildsaker og utviklinga i medlemstal, røystetal og vallister. Grappa har og utarbeidd ein tabell med oversyn over valresultatet i kvart fylke, fordelt på kommunevis oppslutnad, tal kommunar med framgang og tal kommunar over 4% (vedlegg 2).

Grappa inviterte Lars Kolltveit, Stortingssekretariatet (15/11), Anders Todal Jensen, valforskar NTNU (7/12) og Steffen Handal, nestleiar i Utdanningsforbundet (7/12) til å halde innleiing om valkampen, resultatet og i nokon grad vegen vidare for SV (målgrupper, saker og organisering). Dette var særst nyttige innleiingar.

Leiar utsette, i samråd med AU og analysegruppa, levering av analysen til 5. januar 2014.

Vedlegg 2 Tabell med oversyn over valresultatet i kvart fylke, fordelt på kommunevis oppslutnad, tal kommunar med framgang og tal kommunar over 4%.

	Resultat i % 2013	Kommuner over 4 % i 2013	Kommuner under 4 % i 2013	Kommuner med framgang i % fra 09	Kommuner med framgang i stemmer fra 09	Kommuner med framgang i % fra Fylkesvalg 11
Finnmark	5,2	15	4	0	0	7
Troms	6,4	11	13	2	2	12
Nordland	5,2	31	13	3	3	21
N Trøndelag	3,4	8	15	0	0	0
S- Trøndelag	5,7	6	19	0	1	9
M&R	2,5	2	34	1	0	6
S&F	3,4	8	18	1	1	7
Hordaland	4,9	7	26	6	10	22
Rogaland	3,3	2	24	0	0	14
V-Agder	2,6	0	15	0	0	7
A-Agder	2,6	1	14	1	1	5
Telemark	3,3	2	16	0	0	3
Vestfold	3,8	6	8	0	0	7
Buskerud	2,7	0	21	0	0	4
Oppland	2,9	2	24	0	0	3
Hedmark	3,9	7	15	0	0	2
Akershus	3,5	5	17	0	0	4
Oslo	6,3	1	0	0	0	0
Østfold	2,3	0	18	0	0	2
<b>Totalt</b>	<b>4,1</b>	<b>114</b>	<b>314</b>	<b>14</b>	<b>18</b>	<b>135</b>



## Vedlegg 3 Tidslinje 1999-2013 med oversyn over tal lister

År	Valgresultat	Menings- måling SV og AP	Medlems- tall SV (nye i parentes)	List er	Parti-interne forhold	Regjeri ng	Norge	Verden
1999	SV 8.5% MDG 0,4% AP 28.2 % RV 2.1 % (Fylkestingsv alg)	<b>April</b> Sv-5.9 AP-34.4 <b>Oktober</b> Sv-9.2 Ap- 34.8		267	SV sterkt splittet om Kosovokrigen	Bondev ik 1		Kosovokrigen
2000		<b>April</b> SV-10.0 AP-35.7 <b>Oktober</b> SV-8.3 AP-24.9				Bondev ik 1/ Stolten berg 1	Bondevik går av på gasskraftsaken (mars)	Atomubåten Korsk synker i Barentshavet (mars)
2001	SV 12.5 % AP 24.3 % RV 1.2 % MDG 0.2 %	<b>April</b> Sv -10.4 AP-31.2 <b>Oktober</b> Sv-16.6 Ap-24.7			Valgkamp bla på makspris i Barnehagene	Stolten berg 1/ Bondev ik 2	Norge med i USAs Enduring Freedom Afganistan	11/9 Invasjon i Afganistan (høst)
2002		<b>April</b> Sv-16.5 AP-24.8 <b>Oktober</b> Sv-17.3 AP-24.5					Barnehageforliket (start) Norge med i ISAF Afganistan	
2003	SV 13 % MDG 0,3% AP 27 % RV 1.5 % (Fylkestingsv alg)	<b>April</b> SV-22.2 AP-26.0 <b>Oktober</b> SV-17.3 AP-24.5		325			Barnehageforliket (fortsetter) Norge med i Irak krigen	Irakkriegen mars Verdensomspennende massedemonstrasjone r
2004		<b>April</b> SV-17.5 AP-30.5 <b>Oktober</b> SV-15.8 AP-30.9					Nasjonale prøver innføres (sterk SV motstand- boikottaksjoner) SV initierer asylbarn amnesti	Madrid bombene (mars) Eus ØstEuropa utvidelse Tsunamien (desember)
2005	SV 8.8 % AP 32.7 % RV 1.2 % MDG 0.1 %	<b>April</b> SV-15.0 AP-31.4 <b>Oktober</b> SV-8.6 AP-36.3	10591		SV inn i regjering Plenen demonstrasjo nen	Bondev ik 2/ Stolten berg 2	Norge ut av Irakkriegen	London –terror
2006		<b>April</b> SV-10.1 AP.32.9 <b>Oktober</b> SV-8.5 AP-28.7	9774		Interne krav om ut av regjering på Mongstad		Mongstad –gasskraft, start uten rensing Afganistan – norske soldater til Sør Afganistan Sykelønnstrid (høst)	Muhammed karikaturene (vinteren)
2007	SV 6.5% MDG 0,6% AP 30.8 % RV 2.1 % (Fylkestingsv alg)	<b>April</b> SV -9.7 AP-31.0 <b>Oktober</b> SV-6.8 AP-34.2	9590 (899)	309	SVLM: Nestlederstri d og Afganistan debatt Ut av regjering? Høst: Djupedal og Bjørnøy ut av		Gerd Liv Valla går av (mars) Klimamelding Sterk kritikk mot SV Høst Trillemarka vernes Asylendring 1000 barn får bli	

					regjering etter lang tids kritikk			
2008		<b>April</b> SV-6.5 AP-29.0 <b>Oktober</b> SV-7.3 AP-30.6	9622(1312 )		Sv-dissens asylpolitikk SV dissens tjenestedirektivet			Finans-krise Lehmann Brothers (august)
2009	SV 6.2 % MDG 0.3% AP 35.4% Rødt 1.3%	<b>April</b> SV-7.1 AP-32.4 <b>Oktober</b> SV-6.1 AP-35.3	9479(901)		SV beklager garanti mot fattigdom i 2005 valget BV ut av regjering AL inn		Demonstrasjoner mot Israels Gazakrig (januar)  Høst: Biodiesel saken	Finans-krisen fortsetter
2010		<b>April</b> SV-6.2 AP-29.8 <b>Oktober</b> SV-5.4 AP-28.9	9422(687)				Mistillit fra opposisjonen etter orientering om Mongstad  Streik kommune (mai) Mastesaken (juli)	
2011	SV 4.3 % MDG 0,6 AP 33.2 % Rødt 1.7% (Fylkestingsvalg)	<b>April</b> SV-5.8 AP-29.3 <b>Oktober</b> SV-4.5 AP-33.9	9402 (1245)	281	Kristin Halvorsen annonserer sin avgang (september)		Regjeringen vedtar datagrings og vikarbyrådirektivet – begge med disens fra Sv Sv støtter deltakelse i Libya krigen Skarp intern diskusjon Ingen konsekvens- utredning av Lofoten- Vesterålen (mars)	Ara biske våren Libya krigen (Norsk angrep)(mars)  Utøya 22 juli
2012		<b>April</b> SV-4.5 AP-30.5 <b>Oktober</b> SV-4.1 AP-27.8	9319 (915)		Audun Lysbakken velges til leder (mars 2012)		Audun Lysbakken går av som minister (mars 2012) Barn på flukt meldingen – stor mobilisering for asylbarn Streik stat, kommune og bøndene (mai) Gjørvtkommisjonen	
2013	SV 4.1 % MDG 2.8 % AP 30.8 % Rødt 1.1 %	<b>April</b> SV-5.0 AP-27.7 <b>Oktober</b> SV-4.1 AP-31.9				Stolten berg 2/ Solberg		

SV lister representasjon 99-11									
År	Stemmeandel %	Antall lister	Antall representanter	Antall kommuner med repr.	Andel lister med mandater	Antall med 1 representant	Andel med 1 representant	Antall under 100 stemmer	Andel under 100 stemmer
1999	7,8	267	683	259	97,0	68	26,3	49	18,4
2003	12,4	325	1054	321	98,8	45	14,0	49	15,1
2007	6,2	309	554	284	91,9	127	44,7	97	31,4
2011	4,1	281	362	238	84,7	159	66,8	99	35,2